

5.2.1 kommunale planar

Sør-Fron kommune har ein byggeskikkrettlei, vedteken i 2010. For kulturminneplanen har vi henta ut ein del sitat med stor relevans:

«landskap og naturmiljø og tilpassing til eksisterende landskap og naturmiljø. Det er viktig at bebyggelsen i et område tilpasses det landskapet og det naturmiljøet den skal være en del av. I fjellområdene våre er det hensiktsmessig å få mest mulig av bebyggelsen i skogområdene, for å unngå silhuettvirkninger og stor synlighet.»

«Etablering av nye utbyggingsområde i snaufjellet, på markerte høyder i terrenget bør unngås. Det bør tas hensyn til tidligere praksis og utbygging i de enkelte områdene.»

«Ved etablering av hyttefelt er det viktig at det bevares sammenhengende vegetasjonsbelte»

Ang. vegar «Det er derfor viktig at etablering av nye veier og anlegg skjer gjennom planarbeid, ikke gjennom enkeltsaker»

Ang. takform «... det er kun saltak med markerte takutstikk som tillates.»

«Alle tilbygg eller påbygg bør harmonere med eksisterende bebyggelse, særlig med den bygningen som skal endres.»

«Det er viktig å ta vare på de kulturminnene som finnes i kommunen, men dette må gjøres på en slik måte at det ikke hindrer en fremtidsrettet utvikling. Med bakgrunn i dette, er det viktig å tilpasse nye elementer til de kulturminnene som finnes.»

I enkelte område kan det være aktuelt å frede et bygningsmiljø, eller bruke Plan og bygningslovens muligheter til å bevare gjennom hensynssover og bestemmelser til dette.»

«Ved nye tiltak på bevaringsverdige anlegg og i bevaringsverdige miljøer, skal dette harmonere med eksisterende bygning(er), både i forhold til takform, vindusløsninger, dører, fargebruk og øvrige løsninger.» ... «samtidig som de kan bygges ut med dagens krav til standard».



På Valsetra finn vi gode døme på at dei ynskjer å halde på og vidareføre elementa som høyrer til eit aktivt seterlandskap, her med ei nyrestaurert mjølkerampe med mjølkespann.

I kommuneplanens arealdel 2014-2025 finn vi ei vidareføring av byggeskikkrettleiaren.

«Bygninger bør tilpasses den tradisjonelle byggeskikken som finnes i nærområdet. Alle bygninger bør ha tydelig brystning, bygges i tradisjonelle materialer (tre og stein) og males i mørke farger. Taktekking bør være av materialer med mørk, ikke lysreflekterende overflate. Store vindusflater bør deles opp (maks 0,4 m² pr vindusflate) og det bør kun brukes rektangulære vinduer.

- Boliger bør ha en klar lengderetning som følger terrengekotene, og hovedmøneretningen bør følge byggets lengderetning.

- Ved fortetting i eksisterende boligområder bør ny bebyggelse harmonisere med øvrig bebyggelse.»

«Det er egne bestemmelser for områder avsatt til fritidsbebyggelse, fritidsbebyggelse i regulerte områder på Gållå (§ 2.2.1), i regulerte områder på Lauvåsen (§2.2.2), i LNF-områder med spredt fritidsbebyggelse (§5.3) og innenfor hensynssone for seterområder (§ 5.3.1 og § 7.2.2).

Bestemmelsene og retningslinjene er retningsgivende for detaljregulering av områder for fritidsbebyggelse.» (LNFR, dvs. landbruk, natur, friluftsområde samt rein)

Gållå Ang. gjerding i disse regulerte områda: «For tomter avsatt til fritidsformål kan det etter søknad til kommunen gjerdes inn et samlet areal på inntil 300 m². Gjerdet skal være sammenhengende og av typen skigard, eller annen type tregjerde.»

Ang. plassering i landskapet «Hovedmøneretningen bør være parallell med terrengekotene.

- Bebyggelsen bør mest mulig underordne seg terrenget og naturpreget i området. Hoved-preget i landskapet bør bevares med tanke på vegetasjon.»

Lauvåsen hytteområde her er det og strenge reguleringar for området.

Generelt for seterområde «På setre kan det bygges ut inntil 120 m² BYA til beboelses-formål. Dersom dette arealet deles på flere bygninger, skal disse plasseres i tunform, og det skal være maksimalt 7 m mellom bygninger til beboelsesformål. Største beboelsesbygning kan være maksimalt 90 m² BYA.

- Mønehøyden kan være inntil 5,3 m og gesimshøyden inntil 3,6 m målt fra planert terrengs gjennomsnittsnivå (måleregler jfr. TEK).

- Bygningene skal kun ha én etasje over bakkenivå.

- Det er kun tillatt med saltak med markerte takutstikk. Tak på bygninger skal tekkes med matt materiale. Takvinkelen skal være mellom 22 og 30 grader.

- Bygninger skal tilpasses den tradisjonelle byggeskikken som finnes i nærområdet. Alle bygninger skal ha tydelig brystning, bygges i tradisjonelle materialer (tre og stein) og males i mørke farger. Taktekking skal være av materialer med mørk, ikke lysreflekterende overflate. Store vindusflater skal deles opp (maks 0,1 m² pr vindusflate) og det er kun tillatt med rektangulære vinduer.»

Her finn ein i tillegg strenge reguleringar for spreidd fritidsbygging i LNF-område, innanfor omsynssona for seterområdet.

Sør-Fron kommune har godt planverkty for å vera med å regulere og leggja til rette for eit berekraftig kulturminne og kulturlandskapsvern. Det som manglar er vedtak om særskilte område, noko denne planen skal bidra til.

5.2.2 Generelt om setre i Sør-Fron

Det er to anlegg med freda hus i Sør-Fron, Solbråsetra ved Valseter og Prestegardssetra/låven på Kantlia. Dette er godt dokumentert i samband med fredinga, og er ikkje nærmare beskrive her i denne planen som kulturminne, men har stort potensiale i høve verdiskaping og utvikling av områda. Det er under arbeid ei fredingssak på Valsetra med det gamle pensjonatet.

I Sør-Fron har vi kartlagt 20 lokalitetar. Det er i hovudsak seterstular med/utan kve som er i bruk. I tillegg er det omfattande stein/skiferbrot i området. Dette kjem og fram på bevara bygningsmasse, da det er mykje takskifer, og vi finn og stein som byggemateriale i fjøs/sel. Det spenner over ulike type kulturminne/ miljø.

5.2.3 Kort presentasjon av nokre setre og område med tilrådingar i Sør-Fron

SF	Setergrend	type miljø/objekt	kat 2	kat 3	kat 4
1	Veslesetra			setra	
2	Baukholstulen	4 setre Gammelsetra, Kristislåa,	setra		
3	Tåkåstadseter	ei seter 8 hus	setra		
4	Valsetra	Solbråsetra (freda), setergrenda, pensjonatet, brynesteinsbrot	setergrenda, pensjonatet, brynesteinsbrotet		
5	Øvre Dalseter	seter/tidl. fast busetting	Setra med område		
6	Håkåseterdammen	demning med fløtarhytte	anlegg m hus		
7	Kristensetra	Truleg 4 setre, mjølkekjølingar		setra	
8	Årstulen	4 setre		setra	
9	Bjønnhaugen	setra til Hundorp gard	setra		
10	Toftsetra	mange setre	setergrenda		
11	Isumsetra	ei seter m 5 hus	setra		
12	Sveiphuslykkja	mange setre		setra	
13	Helgåsbyggsetra	fleire setre, mura steinfjøs	setra		
14	Triltåsen	fleire hus, nydyrking, stor forprod.			husa
15	Åsen	fleire setre	setra		
16	Vendalen	mange setre, fine steinmurar og skifertak	setra,		
17	Nysetra	mange setre, fine steinmurar og skifertak	steinhusa	setra	
18	Kantlia	sjåførbu, prestegardssetra (freda)	setra	sjåførbua	
19	Busetra	to setre	setra		
20	Espedalen nikkell og kopperverk	gruveverksemd	alle kulturminne		



Toftsetra

SF 1 Veslesetra

Dette er ei lita setergrend som ligg rett opp for Nordre Lia, i nord-aust hellinga av dalføret. Det er lang tradisjon for forhausting her, og det er såleis store kveer som blir slått årleg, og lyuer som ligg halvvegs ned på kvea. Dei er både lafta og i reisverk i ulike kombinasjonar. Nokre har køyrebru inn frå ovantil. Dei har truleg hatt skifertak, men dei fleste har i dag bølgeblikk. Seterhusa ligg i overkant av kvea, i varierende tilstand, nokre er i god stand. Lyuene er framleis i god stand, men blir ikkje brukt lenger, seterhusa blir elles brukt i varierende grad, ikkje i samband med tradisjonell setring.

Tilrådingar Det er viktig for å bevare lyuene at det blir rydda godt rundt husa. Kveene er viktige i forproduksjonen for gardane, og det er bra slik at kulturlandskapet blir heldt i hevd med gjerding. Lyuene bør restaurerast og sikrast som viktige element i setrelandskapet. Vi tilrår kategori 3 for setra.



Veslesetra med nokre av låvane – i varierende tilstand.

SF 2 Baukholstulen



Dette er ein stor seterstul, som til dels er halden i hevd med inngjerda kveer som blir slått. Det er eit stort mangfald av hus på setrene og området er delt inn i fleire setervangar. Setra ligg godt i det lett kupert landskapet. Mange av seterhusa er i god stand og blir brukt gjennom året. Det er varierende bruk av materiale, mange av tømmerhusa er bordsydde, det fins og raudbeisa sel/hytte. Det er mange fine skifertak på husa, både mindre handskebak-skifer (vanlegvis gjenbruk frå hus på garden) og villskifer (truleg originalt på setra). Mange av uthusa har bølgeblikk på taket.



Kulturmiljøplan Sør-Fron, Nord-Fron og Gauldal, fellesområde. Tema: setermiljø – kulturmiljø i utmark

ØS 19 - Ilere

Baukholstulen m/ flere
 Registrert av Oddleiv Ringlund
 Baukholstulen har flere små seterstule: rundt seg.
 Oversiktsbilder




Baukholstulen ligg fint i hellinga med eit frodig seterlandskap.

Tilrådingar Setra er framleis i bruk i forproduksjon og mange av sela er i bruk gjennom året. Difor er heile setregrenda her viktig som stort og ganske ope kulturlandskap omkransa av skog. Setra ligg ikkje så langt frå Gålå, og det er viktig at det ikkje blir lagt ut hyttefelt i nærleiken av setra. Det er viktig at heile setra blir halden open med inngjerding, slått og beiting for å hindre gjenvekst. Vi tilrår kategori 2 for heile seterområdet.

SF 3 Tåkåstad seter

Setra ligg midt i eit omfattande pressmiljø som nærmaste nabo til Wadahl Høyfjellshotell langs Per Gynt seterveg. Her er det framleis setring med mjølkekyr, kombinert med gardsbutikk og seter-museum. Det er fine skifertak på husa, som alle er i god stand. Eigarane driv og Gållå Alpin om vinteren. Setra består totalt av 8 hus. Her er det kjent setring i alle fall attende på 1700 talet (datering: eit loka på setra). Husa er i bra stand.



Her er Tåkåstadsetra i Sør-Fron, med vegen vegg i vegg. Vi ser og tankbilen som har henta mjølk.

Tilråding Setra som miljø er viktig som levande seter midt i eit turismemiljø i brytning med primærnæring og bør bli bevart som heilskap, inkl. gjerding av innmark. Vi tilrår regulering til vern i kommunen, dvs. kategori 2.




Det gamle Seterpensjonatet på Valsetra i Sør-Fron (over) har fått pengar (2018) til sikring og restaurering frå Kulturminnefondet, og er under vurdering for eventuell freding av Oppland fylkeskommune/Riksantikvaren.

Tilråding Valsetra med bygningar, veger, stigar, mjølkerampe, steingardar, kveer, hytter bør bli regulerte til vern som heilskap. Det vil ikkje seia at det ikkje kan koma inn nye element, eller at ståande bygg kan få endra funksjon, heller tvert om. I området Gålå med Peer Gynt er det alt i gang nytenking med ny bruk. Nye anlegg/bygg bør vera underordna eksisterande bygningar og anlegg.

Seterpensjonatet (under fredingsvurdering) er under antikvarisk restaurering (sommar 2018) og er tenkt brukt i eit reiselivstilbod, gjerne med diskret, moderne tilpassing av nybygg. Vi tilrår regulering til vern i kommunen, dvs. kategori 2 for setergrenda.

Brynsteinsbrot, Valsetra


Brynsteinsbrotet (foto under), ligg litt opp i lia for Valsetra. Vi har ikkje funne skriftlege kjelder om dette brotet, berre munnleg informasjon i samband med feltarbeidet.




Brynsteinsbrotet ligg godt oppe i lia, ein ser brotet midt på biletet.

Tilråding Her er det spor i berget som bør bli registrert grundig. Vi har ikkje gjort detaljundersøkingar eller tidfesting, kan vera veldig gammalt – automatisk freda om det er frå før 1660. Dette bør undersøkast nærmare, og bli gjort ein dokumentasjon. Vi tilrår kategori 2.

SF 5 Øvre Dalseter




Fotograf Jørgen Elstad/Maihaugen på det øvste fotografiet. Vi ser at det ikkje har forandra seg så mykje på snart 100 år.



Kulturmiljøplan Sor-Fron, Nord-Fron og Gausdal, fellesområde. Tema: setermiljø – kulturmiljø i utmark

OS 19 - 2025/1/74
Øvre Dalseter
Registrert av Oddleiv Ringlund
Gammelt setertun med 10 hus som er i god stand.




Her er eit stort seteranlegg som og har vore ei viktig reiselivsbedrift og med fast busetting attende på 1600-talet (kan og vera eldre). Det er vanskeleg å seia om nokon av husa er så gamle, da må ein ta ein grundigare registrering. Det er veldig ulike typer hus, låve, fjøs, utedo, stabbur, ulike typer bustadhus/hytter. Området er viktig i dag i høve reiselivsbedriftene og den nye satsinga med *Elgland og utkikkstårnet*. Det er stort potensiale i bygningsmasse, som framstår som ei blanding av ulike periodar og samanbyggingar. Det er restar etter gammal brønn sør for hovudbygningen. Det er i alt 10 hus på tunet.

Tilråding Her bør ein ta antikvariske omsyn ved alle tiltak. Landskapsmessig er det framleis mykje å føre vidare for å vise open seterstul og kve frå den tida det var setring der. Det kan ha stort potensiale i samarbeid med nabobedriftene innan reiseliv. Vi tilrår regulering til vern i kommunen, dvs. kategori 2, for husa, og landskapet med vegfar kring setra.

SF 6 Hååkåseterdammen I munninga av Hååkåsetervatnet ligg ein gammal fløtardemning, med fløtarhytte i utkanten av setermiljøet og vegen. Dammen er i ganske god stand, og brukast som ei gangbru over på andre sida. Rett opp i bakken på nord-austre sida ligg fløtarhytta. Ho er bordsydd, beisa raud og har fin firkantskifer på taket. Eit uthus er bygt attåt. Sjå stjerne på kartet under.

Tilråding Hytta står bra, lita og lafta med skifertak. Demningen bør bli registert og vedlikehaldast. Det er eit viktig kulturminne som del av omfattande tømmerdrift. Demningen bør og sikres, kan bli farleg over tid. Vi tilrår å ta vare på dette viktige kulturminnet, dvs. kategori 2.






Demningen sett frå sørvest, vi skimtar fløtarhytta oppe i bakken.

SF 7 Kristensetra



Her er ei seter som er i god drift, både beite og mjølkeku, og vi ser at det er bevart eit oppe seterlandskap.

Kristensetra er ein stor og spreidd seterstul aust og opp for Håkåsetervatnet. Nokre av husa er i veldig god stand, og blir framleis brukt, medan andre står for nedfalls. Det er i hovudsak lafta hus, nokre er bordsydde. Nokre av husa er ganske nye, medan andre viser teikn på høg alder. Det er såleis stor spennvidde i bygningstypene og materialbruk. Det er varierende takteking, bølgeblikk og skifer. Det er bevara eit par mjølkekjølingar som er i nokolunde god stand i bekken. Dei viser også teikn på ulik alder.



Tilrådingar Kristensetra er ein vakker seterstul med (truleg) 4 spreidde setertun. Heile setra bør bevarast, men med høve for utvikling i og med at det framleis er setring og beite på setra. Mjølkekjølinga bør restaurerast. Gjerda kring kveene bør haldast ved lag. Vi tilrår kategori 3.



Mjølkekjølinga er i ganske bra stand, men kan gjerne restaurerast, er ikkje mange slike kulturminne att.

SF 8 Årstulen




Årstulen har bygningar av veldig ulik alder og preg. Nokre er i veldig god stand, medan andre treng større tiltak.



Kultuminneplan Sør-Fron, Nord-Fron og Gausdal, fellesområde. Tema: setermiljø – kulturmiljø i utmark

OS 19 - 1 lere
Årstulen, Sør-Fron
Registrert av Oddleiv Ringlund
Bilder: 3 setre; 1 i bruk.



Årstulen ligg langs vegen mellom Bjønnhaugen/Kristensetra og Fagerlia/Gållå. Det er totalt 4 setre og ei av dei er i bruk. Det er varierende bygningstyper, og nokre er bordsydde. Det er både torvtak, skifer og bølgeblikk på bygningane.



Tilrådingar

Her er det fint å leggja til rette for vidare utvikling av setringa, og bevara dei eldre hustypene som er att. Det er viktig at ein kan sjå fleire periodar av seterhus, fram til nyare bruk. Vi tilrår kategori 3 for setra.

SF 9 Bjønnhaugen



Her ligg setra til Hundorp gard med det lange fjøset i reisverk som også romma funksjonar frå eit vanleg sel..

Bjønnhaugen har eit kulturlandskap med fint seteranlegg liggande i det opne landskapet. Her er tydelege spor etter eit gammalt tråkk/sti, ein kjerreveg som har vore i bruk til overgangen til mjølkebil på 1930-talet. Råket er viktig for å forstå tidlegare ferdsel, og tidleg sanatorium/turisme i området. Råket er ein fin turveg mellom seterområda Kantlia/Lauvåsen (Bjønnhaugvegen), Veidarvon. Eit anna råk gjekk over Bjønnhaugen/Bånsjøhaugen/Gåsøya ned mot Svatsum. Det skal vera eit skiferbrot her.

Her ligg **setra til Hundorp gard** med sine karakteristiske raude bygningar, og det lange (24 m) og breide (9,3 m) fjøset. Fjøset hadde fleire funksjonar, fjøs mot nord, resten av huset var kok-hus, ostbu, stugu og kleva mot sør. Det er mura fundament og kjellar. Huset er bygt i reisverk, utvendig kledning er raudmåla. Ein liten del har skiferheller som kledning. Taket er tekt med skifer. Det er takkonstruksjon med sperrer og lekter for stein. Det er lite avstiving i takkonstruksjonen, og store setningar/loddavvik. Det er nokre skader grunna lekkasje i taket. Det er setningar i pipene og i golvet.

Tilråding Kulturlandskapet rundt setra med seterstulen har gode kvalitetar som ein seterstul som har vore brukt med tradisjonell setring inn i moderne tid. Som knutepunkt mellom fleire setre/vegar til bygdene bør vegen bli halden i hevd som turveg. Det skal vera delar av vegen som har spor etter graving for hand, slik at ein bør vera varsam med utbetringar av råket. Skiferbrotet bør bli registrert. Vi vonar ein kan bevare seterlandskapet med hus og vegfar, dvs. kategori 3 for området og kategori 2 for setra til Hundorp gard.

SF 10 Toftsetra

Dette er ei stor ope setergrend med eit stort mangfald av setre og bygningar spreidde over eit stort område. Det er i hovudsak lafta bygningar, i ei høgde, men også nokre bygningar i to høgder. Dei fleste husa er lafta, men det er og ein del reisverk, og ein del hus er panelte og beisa. Det er flotte skifertak på mange av husa, men også nyare taktekking som papp – i tillegg til nokre hus med torv og bølgeblikk. Dei mange lyuene er ulike, og ligg godt nede på alle kveene. Dei gjev eit særleg preg på seterlandskapet.




Toftsetra – ei stor setergrend i eit frodig seterlandskap.

Tilrådingar Her er det bevara eldre seterhus som står uendra, og det er tilført bygningar frå nyare tid med nyare preg, utan at dei stikk seg særskilt ut i landskapet. Det er ei seter som er mykje brukt – også som fritidsbustader. Dei mange og store kveene er viktige å halde ved lag, likeeins inngjerdinga. Vi tilrår heile setra til kategori 2.

SF 11 Isumsetra




Det særprega selet på Isumsetra



Dette er seter til ein gard, ei stor lafta lyu nede på kvea, eit langt lafta fjøs, ei vinterstugu (truleg eit gammalt hus), eit eldre sel og eit særprega sel/hytte i 1 ½ høgda, bordsydd og raudbeisa. Det er nylagt bordtak på fjøset, eldre skifertak på vinterstugu og lyua (truleg villskifer) og variert skifer på selet.

Tilrådingar Dette er setra til garden Isum, og seterhusa er både tradisjonelle og utradisjonelle. Det er ei stor kve som ikkje blir brukt lenger, eineren og annan vegetasjon er i ferd med å eta seg inn i kvea. Her bør ein halde kvea og setertunet ope og rydda, det er godt gjerda både inntun og kve. Vi tilrår kategori 2 for heile setra.



Ei fin og stor lyu ligg nede på kvea, med fint utsyn åt Sveiphuslykkja i lia mot aust.

SF 12 Sveiphuslykkja




Oversyn over Sveiphuslykkja på både sider av Fossåa, øvst til høyre kan vi skimte Isumsetra.


Dette er ei setergrend som delvis er ferd med å vekse att. Det er mange setre i grenda, som ligg på både sider av Fossåa. Det er framleis grasproduksjon på nokre av setrene. Det er i hovudsak tradisjonelle seterhus her, men nokre er gjort om til fritidshus/delt av til hytter. Husa ligg godt i landskapet, men vi ser at vegetasjonen held på å koma nærmare husa.

Tilrådingar

Dette er ei setergrend som har god nytte for gardane som driv med grasproduksjon, kunne med fordel ha vore utvida med grasproduksjon/beite for alle kveene. Vi tilrår at setergrenda blir halden ved lag som ei ope grend, ikkje forstyrta av nyare bygningar, men at ein kan leggja til rette for utviklingstiltak. Kulturlandskapet bør haldast ved like, halde einer og kjørr på avstand. Vi tilrår kategori 3.

SF13 Helgåsbyggsetra





Helgås-bakksetra er ei lita setergrend som ligg opp for Søre Lia, til dels i bratt lende. Dei fleste av husa er bordsydde, og mange er raudbeisa. Det er overvekt av bølgeblikk på taka, men også skifer fins. Det er både tradisjonelle seterhus, som til høgre over, og meir utradisjonelle, nyare hus. Eit uthus har panel som er noko spesiell, med rust-merker på alle borda over heile huset. Det er murrestar etter fleire eldre bygningar på setra. Eine fjøset er mura i stein, litt inn i bakken, det har ei påskrift «P B.... 1888». Like ved ligg og Bjønnstulen og Bålsetra, i same bratte lende. Kveene er delvis gjerda inn og er i ferd med å gro at, grantrea har spreidd seg innover på kvea, og tett inn på husa.




Tilråding Dette er ei setergrend som skiller seg litt frå dei andre vi har sett på i Sør-Fron. Her er det bratt lende, nært bygda, små hus – med variert preg, og det er restar etter mange fleire hus. Kan dette ha vore ei heim-seter/vår-seter tidlegare, som mindre gardar har teke over og brukt som vanleg seter seinare? Det ser ut som om det er lenge sidan setra har vore i bruk. Steinfjøset er litt spesielt, likeeins dei mangearta bygningane på setra. Vi tilrår kategori 2 for setra.

SF 14 Triltåsen



Kulturmiljøplan Sør-Fron, Nord-Fron og Gausdal, fellesområde. Tema: setermiljø – kulturmiljø i utmark

US 19 - Ilse.
Inntåsen.
Registrert av Oddleiv Ringlund
Område med grasproduksjon, og noe bebyggelse. Oversiktsbilder fra stedet.
Ligger nært utbyggingsområdet for fritidsboliger på Gålå. Rø: skjermes.



Dette er ei fleire små hus, truleg ikkje seterhus, som ligg i ganske flatt lende ned mot Fiskeløysa. Det har vore store nydyrkingar i her i seinare tid. Delar av eine kvea brukast til beite. Dette er eit område som ligg nært større utbyggingsområde for fritidsbustader rundt Gålå. Det er uvisst kor gamle husa er, men dei ser ut til å vera i reisverk, men kan ha lafta kjerne om dei er eldre bygningar. Bygningane er bordsydde og brunbeisa, varierende taktekking.

Tilrådingar

Dette er eit landbruksområde som er veldig viktig blir skjerma for vidare utvikling av annan næring. Husa som ligg spreidde er viktige delar av dette jordbrukslandskapet, og bør stå. Husa er i jamt over god stand. Vi tilrår kategori 4.

SF 15 Åsen



Åsen er ein fin seterstul med til fleire setre i lett kuppert lende. Det er stor variasjon i hustyper, men dei fleste er ganske klassiske seterhus i tømmer/reisverk med gras, bølgeblikk eller skifer på taket, alt frå gjenbruk av handskebak skifer, vakre villskifertak til godt lappa villskifertak. Nokre hus er i veldig dårleg stand, og er rivi etter vår befarings. Eigar er i gang med nybygging av setra. Setertuna er gjerda inn i sauegjerde eller skigard, og det er eit flott seterlandskap med klynger av setertun.

Tilrådingar Her er det varierte bygningstyper frå klassiske små, låge seterhus til større hus, og det er stor interesse for kulturlandskapstiltak og gjenoppbygging av seterhus. Det er særleg grunn til å stimulere til å halde ved like skifertaka. Vi tilrår kategori 2 for setra.

SF 16 Vendalen

Vendalen er eit stort seterlandskap ned mot Vendalsvatnet. Her ligg det mange setre av ulikt preg og byggstil. Her kan ein merke seg den omfattande bruken av stein, i grunnmur, som byggemateriale i bygning, på tak, på dei høge pipene – og som kledning på hus. Skiferen kan vera frå Gravdalsberga skiferbrot, rett aust, i Ringebu kommune. Kveene er delvis i bruk som beite eller slått. Nokre seterhus er i dårleg forfatning. Seterkveene er stort sett inngjerda med skigard eller sauegjerde.






Tilrådingar Vendalen har mange kvalitetar som heilskapleg setermiljø, stort, ope, framleis i bruk som beite – og med ein del usedvanleg flotte døme på lokal handverk med bruken av både steinmur og skifertak. Vi anbefalar kategori 2 heile setergrenda.

SF17 Nysetra



Kulturmiljøplan Sør-Fron, Nord-Fron og Gausdal, fellesområde. Tema: setermiljø – kulturmiljø i utmark

OS 19 - 1 krs
Nysetra, Sør-Fron.
Registrert av Oddleiv Ringlund
Bildet.



Nysetra er ei stor og vakker setergrend med mange ulike seterhus, dei ligg i små klynger i det lett kupert landskapet. Her finn ein store variasjonar i hus, mest spesielt er eit par mura bygningar, eit sel og eit fjøs. Det er og stort mangfald i taktekke, frå gras, skifer til bølgeblikk Husa er i tømmer eller reisverk, eller bordsydde eller berre tømmerveggen. Kveene er gjerda inn med sauegjerde, men ser ikkje ut til å vera haldne i hevd, beita eller slått på nokre år.

Tilrådingar

Her burde kvea bli slått eller beita for å halde landskapet opent. Det bør og ryddast av vegetasjon kring seterhusa, og steinhusa bør bevarast. Vi tilrår kategori 2 for steinhusa, og kategori 3 for resten av setra.




Eit mura seterhus av dei sjeldne, her eit sel på Nysetra.



Nysetra ligg fint oppe i hellinga.

SF 18 Kantlia




Kantlia er eit opent kulturlandskap med fint seteranlegg liggande i landskapet. Her er tydelege spor etter eit gammalt tråkk/sti, ein kjerreveg som har vore i bruk til overgangen til mjølkebil på 1930-talet. Råket er viktig for å forstå tidlegare ferdsel, og tidleg sanatorium/turisme i området. Råket er ein fin turveg mellom seterområda Kantlia/Lauvåsen (Bjørnhaug-vegen), Veidarvon. Eit anna råk gjekk over Bjørnhaugen/Bånsjøhaugen/Gåsøya ned mot Svatsum. Det skal vera eit skiferbrot like ved.



Kulturmiljøplan Sør-Fron, Nord-Fron og Gausdal, fellesområde. Tema: setermiljø – kulturmiljø i utmark

ØS 19 - 04/95.
Midtre Kantlia, Sør-Fron.
Registrert av Oddleiv Ringlund
Midtre Kantlia ligger under garden Heggehaugen 1/5/1 og 2.






Prestegardssetra med mura sel og fjøs.

Setra frå prestegarden ligg i Midtre Kantlia. Av dei 4 husa er selet frå ca 1850 og fjøset frå ca 1777 vedtaksfreda. Selet er tredelt, søre del er mura, midtre og nordre del er truleg lafta og panelt utvendig og innvendig. Det er åstak, tekt med skifer, type hanskebak. Fjøset er og mura, kistemur, med stor firkant-skifer på taket. Dette er den einaste setra med mura både sel og fjøs.

I tillegg til dei freda husa, er det eit uthus i bindingsverk med bølgeblikk og ein utedo med skifer på taket. Det opne seterlandskapet er ferd med å gro att, einer fyller opp kva. Det er sauegjerde rundt kvea, uvisst om der er intakt. Det kan virke som om det er lenge sidan det vart beita/slått.

Lenger ned mot Øvre Kantlitjernet det ei lita sjåførbu («Musfritt») for sjåføren som køyrde mjølke-bilen frå nyare tid. Det var lange dagar, og dei hadde gjerne buer dei kunne overnatte i som passa med køyreavstanden. Bua er panelt og har bølgeblikk på taket. Det ligg ein utedo på skakke nedom bua.





Tilrådingar Dei freda seterhusa treng å få rydda seterlandskapet rundt setra, slik at det er eit meir heilskapleg miljø med dei freda husa. For dei to andre husa på setra, tilrår vi kategori 2. For sjøføybua tilrår vi kategori 3.

SF 19 Busetra



Busetra er ei fin, lita seter som ligg i hellinga langs vegen mellom Bånsjøhaugen (Gausdal) og Kantlia. Det er to setre der, med varierte bygningstyper. Dei gamle husa er lafta i tømmer, medan nyare hus, nokre mindre hus og den eine lyua er i reisverk, den andre ein kombinasjon av reisverk og tømmer. Lyuane er store, med køyrebru, men ikkje ombygde for bruk av traktor. Fleire av husa er restaurert i nyare tid. Det er både tømmerveggar og panelte/beisa ytterveggar. Taka på dei nyare/nyrestaurerte husa er med bølgeblikk/papp, medan fleire av dei gamle husa har nydelege skifertak: store/mindre handskebak og rutaskifer. Kvea er delvis inngjerda, så også inntuna. Kvea har blitt slått til nyare tid. Av gamle hus er som står intakt er to lyuer, ei bu (?) og det store fjøset.

Tilrådingar Setra ligg i ope lende, men bjørkeskog og gran kransar om setervangen. Her er det viktig å halde setra og kvea open, og sikre gjerding og gjerne beite/slått av kvea. Her ville det vera aktuelt å restaurere det gamle fjøset og i alle fall den eine lyua, dei er viktige element i det totale miljøet. Det er ikkje lenge sidan det var setring her, så ein ser overgangane til moderne setring i bygningsmiljøet. Vi tilrår kategori 2 på setra.

SF 20 Espedalen koppar og nikkilverk


Beskriving Fyrste koppargruva vart anlagt i 1665, men fekk ikkje lang drift. Så vart det drivi nikkilverk 1846-1856 og 1874-1878. Det er att omfattande spor i landskapet som er formidla med skilting på Verksodden. Espedalen Fjellkirke (frå 1974) ligg på Verksodden. På gravholmen like ved er det kyrkjegard. Denne har vore i bruk frå tidleg på 1800-talet, og er framleis i bruk.

Tilråding Dette er eit kulturminne av omfattande karakter med nasjonal verneverdi. Gudbrandsdalsmusea har utarbeidd ein rapport etter ein omfattande dokumentasjon sommaren 2018 (Voldheim 2018), for meir info, sjå også Ruset 2015.

Det er ståande ruinar etter masomnen på Verksodden, slagghaugar, murar og andre spor i landskapet. Dette bør ein sjå i samanheng med nabokommunane, særleg Gausdal der dei fleste gruvane var. Det var og ein masomn i Øvre Svatsum.



Ruin etter masomnen, foto Kjell R Voldheim, GM.



Handkoloreert steintrykk frå Verksodde ca 1850 av James Forbes.

Det bør utarbeidast ein verneplan på bakgrunn av dette i samarbeid med Norsk Bergverksmuseum og fylkeskommunen. Vi tilrår kategori 2 for **alle** spor etter gruvedrifta. Kyrkjegarden på Verksodden bør få kategori 2.

Helleristningar Sommaren 2018 vart det oppdaga helleristningar/måleri i Espedalsvatnet som kan vera 4-6000 år gamle (yngre steinalder). Dei syner fem elgar, ein bjørn og noko som kan vera eit menneske. Dei er i ein bratt fjellside rett ved vassflata. Desse er automatisk freda kulturminne.



Foto Oppland fylkeskommune/Sør-Fron kommune i si heimeside, krita med raudfarge for fotografering.

Verdfulle kulturlandskap Hausten 2017 vart det starta eit arbeid i regi av Riksantikvaren og Oppland fylkeskommune der store delar av dette rapportområdet er foreslått som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

«Det verdifulle kulturlandskapet skal forvaltes slik at kulturminner og kulturmiljø, biologisk verdifulle miljøer, jordbruksareal, tilgjengelighet og den visuelle opplevelsen av landskapet opprettholdes som grunnlag for landbruk, kunnskap, opplevelse, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv.» (RA).